



Styret etter valet: Foran sit avgående og påtroppande leiarar - Gunn Mari Moberg og Øyvind Lernes. Bak står Hans Martin Hjelmeland, Peder Sjø Slettebø, Kjell Enes (vara) og Leif Sverre Enes,

Uskedelingen Gunn Mari Moberg held fram eitt år til i styret for Kvinnherad Høgre men får avløyning som leiar,

Den som overtek er Øyvind Lernes frå Rosendal, som ikkje minst er kjent som pådrivar for den nye båthamna. Leiarskiftet skjedde under årsmøtet i KV i Uskedalen i kveld der 20 av ein medlemsflokk på 110 møtte.

Møtet var sterkt prega av optimisme utløynt av det gode valresultatet som plasserte Høgre eit hakk foran Arbeidarpartiet som størst i kommunen,

Imidlertid skil det ikkje mykje ettersom Ap har 105 medlemmer og valet gav 11 for Høgre og 10 for Ap i kommunestyret. medan prosent-tala for dei 2 partia var 31,9 og 25,7. Gruppleiar Leif Sverre Enes meinte at Høgre vart rundlurt av Ap etter valet. Skuffelsen var stor, særleg blant veljarane som så tydeleg meldte at dei vile ha endring av den politiske kursen.

Enes møtte framleis folk som ikkje har kome over skuffelsen, men han forsikra at Høgre no har rista den av seg. Han karakteriserte partiet som eit ansvarleg opposisjonsparti som viser godt att i det

politiske landskapet og har svært mange flinke folk.
Enes var stolt over å vera leiar for den største gruppa

Om skulestruktursaka.spådde han at ho vil koma opp att ganske snart sjølv om det motsette vart sagt i valkampen. Enes viser i denne samanhengen til at han er med i den såkalla øksekomiteen og signal som har kome både frå administrasjonen og einskilde politikarar. Men gruppeleiaren strekar under for uskedalen.no at han ikkje har endra syn eller er på glid i saka. Han har heller ikkje registrert andre i partiet som er det sjølv om nokon sikkert har eit anna syn også i Høgre.

Høgre har no 3 i forvaltningskomiteen og Øyvind Utne rapporterte at det gir større slagkraft enn tidlegare. Om komiteen meldte han at den er prega av ein god tone og at den nye leiarTorleif Hellesøy leiar komiteen godt.

Årsmøtet vedtok uttaler om brannstasjonen i Rosendal, planleggjing og ferjer. <midt i denne månaden skal det startast Unge Høgre i Kvinnherad og Høgre håpar også på å få igang ei gruppe og treff for dei mange seniormedlemmene sine.

Om grunnen til at ho går av som leiar etter eit år i ein valperiode på 2 seier Gunn Mari til uskedalen.no at ho finn det naturleg med utskifting ettersom ho har hatt vervet i 5 år.

Av Ola Matti Mathisen